



## Møtebok for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 24.01.2019  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordførar
Jostein Borlaug	AP	Varaordførar
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem

**Andre møtande:**

Rådmann Jarle Landås, personalsjef Kjetil Morken i sak 01, kommunalsjef Olaf M. Hella i sak 03, kommunalsjef Grete Herøy i sak 04, prosjektleiar/konsulent Ingrid Didriksen i sak 04, møtesekretær Arthur Kleiveland

Underskrifter:

---

Jon Askeland  
Ordførar

---

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
<b>001/2019</b>	KS - Debatheftet 2019
<b>002/2019</b>	Rebudsjettering varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkjer
<b>003/2019</b>	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2018
<b>004/2019</b>	Meldingar og referatsaker

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2019	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjetil Morken	18/2942	18/18742

### KS - Debatteftet 2019

#### Saksopplysingar:

KS har utarbeidd ein mal for handsaming av debattheftet 2019 i politiske fora. Rådmannen har i tillegg laga framlegg til svar på ein del av spørsmåla som debattheftet reiser.

#### Debatteftet 2019

Sjå vedlegg.

#### Spørsmål til debatt

I debattheftet for 2019 blir det stilt sju spørsmål. Nedanfor er rådmannen sitt framlegg til svar på spørsmåla.

#### 1. Hvordan kan KS best være en utviklingspartner for medlemmene på digitaliseringsområdet?

Standardisering. Arbeide for standardisering.

Me trur at digital utvikling får vi best til viss det er standardisering av områda og dei digitale løysingane, slik at det blir meir «hylleware» på program og løysingar i kommunesektoren. Løysingane i kommunesektoren er for ofte eit produkt av leverandørane sine vurderingar og deira understøtting av at «vår kommune sine behov er så spesielle at det må skreddarsyast»

Oppgåvene som skal løysast er svært like og difor bør ein freiste å standardisere digitaliserte forventningar til leverandørane også.

#### 2. Bør KS gis et mer formelt mandat på vegne av sine medlemmer på digitaliseringsområdet? Hvilke områder er aktuelle og hvilke forutsetninger må en slik rolle

Dersom det er naudsynt med eit utvida mandat for å få på plass gode prosessar i digitaliseringsarbeidet bør KS få desse mandata.

Digitaliseringsområde som er aktuelle er fleire, mellom anna.:

- HRM – Løn og økonomi – sjukefråvær – refusjon Nav mm. Kompetanse tilsetteportal osv.

- Skuleadministrasjon – Elevadministrasjon – foreldreportal osv. – innbyggardialog

- Barnehageadministrasjon

- Lege / pasient - pårørende administrasjon – dialog

- Helseadministrasjon - dialog med innbyggerane

### **3. Bør lønnsmidlene som er til disposisjon ved mellomoppgjøret 2019 fordeles i hovedsak sentralt eller lokalt?**

For kommunar som er berørt av kommunesamanslåing vil ein lokal pott av ein viss storleik vere eit godt virkemiddel i 2020. Ein stor pott som må brukast i 2019 vil vere utfordrande.

Ein eventuell pott i 2019 bør vere liten for å unngå nye skeivheiter i 2019 før samanslåingane.

Det vert oppfatta som vanskeleg å bruke opp ein stor pott i for eksempel tre kommunar og få til god

harmonisering for samanslåing og behov for harmonisering året etterpå.

Er det mogleg å tenke at ein kan forhandle i 2020 og ha verknad frå 2019? Det må avklarast kva eventuelle fullmakter som må på plass for å få dette til.

Lokale forhandlingar krev eit betydeleg apparat å gjennomføre. Ein lokal pott må ha ein viss storleik skal det forsvare ressursbruken.

#### **Om lønssystemet generelt**

Lønsansiennitetssystemet gjev utfordringar i rekruttere- og behaldesituasjonar. Ved å gje høg løn ved rekruttering kan dette forskyve relasjonar i stillingsgrupper når vedk. rykker opp i ansiennitet i forhold til dei som allereie er i organisasjonen.

I lønssystemet bør startløn høgskule prioriterast. Ein meir lineær lønnsstige vil vere viktig å prioritere for alle grupper, men viktigast for høgskulegruppene. Løn sjukepleiargruppa bør / må henge med utviklinga i Spekter og helseforetaka.

Det bør vurderast om det skal / kan opprettast fleire direkteplasserte stillingar med konkret stillingsvurdering knytt til arbeids- og ansvarsområdet – men også vurdere kompetansekrav. Det vil gje større moglegheiter å plassere slike stillingar utanfor lønssystemet, for å unngå «lekkasje» til kap. 5 og 3.

Lønsansiennitetsreglane i Hovudtariffavtalen er svært detaljrike og vil i ein del tilfelle gje utilsikta skeivheiter ved fastsetjing av lønsansiennitet. Handteringa kan vere krevjande administrativt, og bli byråkratisk. Er det mogleg å vurdere eit enklare regelverk som tar omsyn til at t.d. ulik erfaring i t.d. lange studieløp vil vere relevant bidrag til realkompetanse ofte på same måte som arbeidserfaring?

Er alder eit relevant mål på lønnsstige å vurdere?

### **4. Deler kommunen/fylkeskommune**

#### **KS' vurdering at det ikke er behov for vesentlige endringer i Hovedavtalen når den skal forhandles i 2019?**

Rådmannen vurderer at hovudavtalen slik den er formulert legg til rette for godt samarbeid med tillitsvalde. Me opplever at arbeidstakarorganisasjonane er interessert i og innstilt på eit godt samarbeid. Arbeidstakarorganisasjonane opplever til tider at det er vanskeleg å få arbeidstakarar til å ta på seg tillitsverv og roller som tillitsvald. Eit evt meir rigid avtaleverk vil kanskje forsterke denne trenden. Det bør vi unngå.

## **5. Hva vil være de gode virkemidler for læring og kompetanseutvikling i tjenestene framover?**

For å utvikle og dele kompetanse i kommunane er det viktig å legge til rette for moglegheit til skulder ved skulder-overføring av kompetanse og kunnskap. Det betyr tid og arenaer til samarbeid i arbeidstida / arbeidsplassen. Arbeidstidsavtalar for alle grupper av arbeidstakarar må gje rom for å få til utvikling og deling av kompetanse.

## **6. Er det tjenesteområder i dag hvor det er for stor ulikhet i mellom kommuner/fylkeskommuner? I tilfellet hvilke?**

## **7. Hvordan kan kommunene/fylkeskommunene selv og KS redusere uønsket variasjon?**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

### **Formannskapet i Radøy - 001/2019**

#### **FS - handsaming:**

Personalsjef Kjetil Morken svara på spørsmål i formannskapet knytt til KS debatthefte 2019. Formannskapet drøfta ulike problemstillingar knytt til spørsmåla i debattheftet.

#### Ordføraren sette fram følgjande tillegg til spørsmål 1:

Det vert sett inn følgjande tillegg: Radøy kommune støttar at dei regionale samarbeida har ein sentral posisjon i vidare utvikling og standardisering, til dømes digi-Hordaland.

#### Kirsti Gjetle Floen (AP) sette fram følgjande tillegg til spørsmål 3:

Tilleggsframlegg: Det bør vurderast om det skal / kan opprettast fleire direkteplasserte stillingar i **kapitel 4** med konkret stillingsvurdering knytt til arbeids- og ansvarsområdet – men også vurdere kompetansekrav.

Det vil gje større moglegheiter å plassere slike stillingar utanfor lønssystemet, for å unngå «lekkasje» til kap. 5 og 3.

Formannskapet slutta seg til rådmannen sine svar på spørsmål 2, 4, og 5.

Formannskapet let vera å svara på spørsmål 6 og 7 i debattheftet.

Formannskapet vedtok samrøystes svar på spørsmål 1-5 i KS debatthefte 2019, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

#### **FS - vedtak:**

**Radøy kommune gir følgjande svar på spørsmål som vert reist i KS debatthefte 2019:**

### **1. Hvordan kan KS best vera ein utviklingspartner for medlemmane på digitaliseringsområdet?**

Standardisering. Arbeide for standardisering.

Vi trur at vi får best til digital utvikling dersom det er standardisering av områda og dei digitale løysingane, slik at det blir meir «hyllevare» på program og løysingar i kommunesektoren. Løysingane i kommunesektoren er for ofte eit produkt av leverandørane sine vurderingar og deira understøtting av at «vår kommune sine behov er så spesielle at dei må skreddarsyast». Oppgåvene som skal løysast er svært like og difor bør ein freiste å standardisere digitaliserte forventningar til leverandørane også.

Radøy kommune støttar at dei regionale samarbeida har ein sentral posisjon i vidare utvikling og

standardisering, til dømes digi-Hordaland.

## **2. Bør KS gjevast eit meir formelt mandat på vegne av sine medlemmar på digitaliseringsområdet? Kva område er aktuelle og kva forutsetningar må ein slik rolle kvila på?**

Dersom det er naudsynt med eit utvida mandat for å få på plass gode prosessar i digitaliseringsarbeidet bør KS få desse mandata.

Digitaliseringsområde som er aktuelle er fleire, mellom anna:

- HRM – Løn og økonomi – sjukefråvær – refusjon Nav mm. Kompetanse tilsetteportal osv.
- Skuleadministrasjon – Elevadministrasjon – foreldreportal osv. – innbyggardialog
- Barnehageadministrasjon
- Lege / pasient - pårørande administrasjon – dialog
- Helseadministrasjon - dialog med innbyggerane

## **3. Bør lønnsmidlene som er til disposisjon ved mellomoppgjøret 2019 fordeles i hovedsak sentralt eller lokalt?**

For kommunar som er berørt av kommunesamanslåing vil ein lokal pott av ein viss storleik vere eit godt virkemiddel i 2020. Ein stor pott som må brukast i 2019 vil vere utfordrande.

Ein eventuell pott i 2019 bør vere liten for å unngå nye skeivheiter i 2019 før samanslåingane.

Det vert oppfatta som vanskeleg å bruke opp ein stor pott i for eksempel tre kommunar og få til god harmonisering for samanslåing og behov for harmonisering året etterpå.

Er det mogleg å tenke at ein kan forhandle i 2020 og ha verknad frå 2019? Det må avklarast kva eventuelle fullmakter som må på plass for å få dette til.

Lokale forhandlingar krev eit betydeleg apparat å gjennomføre. Ein lokal pott må ha ein viss storleik skal det forsvare ressursbruken.

### **Om lønssystemet generelt**

Lønsansiennitetssystemet gjev utfordringar i rekruttere- og behaldesituasjonar. Ved å gje høg løn ved rekruttering kan dette forskyve relasjonar i stillingsgrupper når vedk. rykker opp i ansiennitet i forhold til dei som allereie er i organisasjonen.

I lønssystemet bør startløn høgskule prioriterast. Ein meir lineær lønnsstige vil vere viktig å prioritere for alle grupper, men viktigast for høgskulegruppene. Løn sjukepleiargruppa bør / må henge med utviklinga i Spekter og helseforetaka.

Det bør vurderast om det skal / kan opprettast fleire direkteplasserte stillingar i kapitel 4 med konkret stillingsvurdering knytt til arbeids- og ansvarsområdet – men også vurdere kompetansekrav. Det vil gje større moglegheiter å plassere slike stillingar utanfor lønssystemet, for å unngå «lekkasje» til kap. 5 og 3.

Lønsansiennitetsreglane i Hovudtariffavtalen er svært detaljrike og vil i ein del tilfelle gje utilsikta skeivheiter ved fastsetjing av lønsansiennitet. Handteringa kan vere krevjande administrativt, og bli byråkratisk. Er det mogleg å vurdere eit enklare regelverk som tar omsyn til at t.d. ulik erfaring i t.d. lange studieløp vil vere relevant bidrag til realkompetanse ofte på same måte som arbeidserfaring? Er alder eit relevant mål på lønnsstige å vurdere?

## **4. Deler kommunen/fylkeskommune**

### **KS si vurdering at det ikkje er behov for vesentlege endringar i Hovedavtalen når den skal forhandlast i 2019?**

Rådmannen vurderer at hovudavtalen slik den er formulert legg til rette for godt samarbeid med tillitsvalde. Me opplever at arbeidstakarorganisasjonane er interessert i - og innstilt på eit godt samarbeid. Arbeidstakarorganisasjonane opplever til tider at det er vanskeleg å få arbeidstakarar til å ta på seg tillitsverv og roller som tillitsvald. Eit evt meir rigid avtaleverk vil kanskje forsterke denne

trenden. Det bør vi unngå.

**5. Hva vil vere dei gode virkemidlar for læring og kompetanseutvikling i tenestene framover?**

For å utvikle og dele kompetanse i kommunane er det viktig å legge til rette for moglegheit til skulder ved skulder-overføring av kompetanse og kunnskap. Det betyr tid og arenaer til samarbeid i arbeidstida / arbeidsplassen. Arbeidstidsavtalar for alle grupper av arbeidstakarar må gje rom for å få til utvikling og deling av kompetanse.

**Vedlegg:**

Behandling av debattheftet 2019

ks\_debatthefte-2018\_nettsversjon

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2019	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1479	19/739

### Rebudsjettering varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkjer

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I investeringsbudsjettet for 2018 løyvde kommunestyret kr 5 mill til kyrkja, som skulle nyttast til nye varmekjelder for kyrkjene på Manger og Bø. I tillegg skulle løyvinga også dekkja opplysing av Manger kyrkje.

Planlegging av oppvarmingsløyvinga har teke langt meir tid enn føresett, mellom anna som følgje av riksantikvaren sine krav til utforming. I løpet av 2018 vart det såleis berre betalt ut kr 200.000 på dette prosjektet. Radøy sokn har fått utarbeidd og kostnadsrekna endelege løyvingar for begge kyrkjene, og totalkostnaden vert kr 4.903.157. Det er då lagt inn 10% til uføresette kostnader. Med frådrag av tidlegare utbetalt kr 200.000 til utgreiingsarbeid og planlegging, er det såleis trong for å rebudsjettera kr 4.700.000 i 2019.

Rådmannen har full forståing for at det har teke tid å planleggja varmeanlegg i desse to kyrkjene, og ser det som rimeleg at kyrkja ber om å rebudsjettera løyvinga frå 2018. Investeringsbudsjettet for 2018 er ikkje regulert i høve til løyving til kyrkja, og det er såleis att unytta lånemidlar frå 2018 som kan nyttast til finansiering i 2019. Rådmannen rår såleis til at det i 2019 vert løyvd kr 4.700.000 til Radøy sokn til investeringar i varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkje. Finansiering ved bruk av unytta lånemidlar frå 2018.

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For 2019 vert det løyvd kr 4.700.000 til Radøy sokn, til investeringar i varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkje. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar frå 2018.

#### Formannskapet i Radøy - 002/2019

##### FS - handsaming:

Denne saka skal avgjerast i kommunestyret.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### FS - vedtak:

For 2019 vert det løyvd kr 4.700.000 til Radøy sokn, til investeringar i varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkje. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar frå 2018.

##### Vedlegg:

Varmeanlegg Radøy kommune 2018

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2019	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/755	19/769

### Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2018

#### Saksopplysingar:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Rapporten om tilstanden i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang.

Tilstandsrapporten ligg vedlagt.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy 2018 til orientering.

#### **Formannskapet i Radøy - 003/2019**

##### **FS - handsaming:**

Kommunalsjef Olaf M. Hella gav ei grundig innføring i tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy, og svara på spørsmål. Han sa at resultatata som kjem fram i rapporten viser at grunnskulen i Radøy er på rett veg og at ressursar som er sett på bestemte felt har gitt resultat. Mellom anna peika han på svært gode resultat i arbeidet mot mobbing, noko som også dannar eit godt grunnlag for læring. Kommunalsjefen sa at han er trygg på at det arbeidet som er starta vil gje ytterlegare positive resultat.

Formannskapet rosa administrasjonen for arbeidet med den framlagde tilstandsrapporten. Radøyskulane har meir bruk av spesialundervisning enn landsgjennomsnittet, og det vart drøfta om kva tiltak som kan vera aktuelle for å få omfanget av spesialundervisninga ned.

##### Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande endringsframlegg:

Formannskapet tek tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy 2018 til orientering.

Kommunestyret rosar arbeidet og utviklinga i Radøyskulen, og gjev honnør til elevar, tilsette og heimane.

Ordføraren sitt endringsframlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Ordføreren sitt framlegg fekk 7 røyster mot 0, og vart vedteke.

**FS - vedtak:**

Formannskapet tek tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy 2018 til orientering. Kommunestyret rosar arbeidet og utviklinga i Radøyskulen, og gjev honnør til elevar, tilsette og heimane.

**Vedlegg:**

Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2018 \_\_\_\_

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2019	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/18	19/40

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Krisesentertilbodet i kommunane – skriv frå Fylkesmannen i Hordaland
- b. Krisesenter – avgjerd i tilsyn med Bergen kommune – skriv frå Fylkesmannen i Hordaland
- c. Krisesenter-tilbod – invitasjon til møte – skriv frå Bergen kommune
- d. Krisesenter for Bergen og omegn – kommunal overtaking av driftsansvaret
- e. Protokoll Regionrådet 26. oktober
- f. Vegkart industriutvikling – presentasjon Regionrådet
- g. Folkeuniversitetet Vestland – presentasjon Regionrådet
- h. Alversund dagsenter – presentasjon Regionrådet
- i. Utkantkonferansen 2019 – presentasjon Regionrådet
- j. Utviklingsplan Helse Vest HF – innspel v/helsesjef/kommuneoverlege Tord Moltumyr
- k. Nordhordland Revisjon IKS – styremøte 3. desember 2018, møtebok
- l. Nordhordland Revisjon IKS – statusnotat til eigarane 1.11.2018
- m. Oppmoding om busetting – IMDI
- n. Svar på oppmoding om busetting av flyktningar – kommunalsjef helse og omsorg
- o. Søknad om tilskot til 17. mai 2019
- p. Stormen Helene – tilbakemelding Politiet
- q. Invitasjon til møte med Vest politidistrikt
- r. Utval for helse og omsorg – referat møte 30. november 2019
- s. Utval for helse og omsorg – orientering om prosjekt FACT-team Nordhordland
- t. NGIR - representantskapsmøte 29.10.18 - referat
- u. Orientering v/rådmannen
- v. Orientering v/ordføraren

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

### Formannskapet i Radøy - 004/2019

#### FS - handsaming:

Krisesenter: Kommunalsjef Grete Herøy orienterte om krisesenteret i Bergen. Bergen kommune har overtatt drifta av krisesenteret. Det vil om kort tid verta sendt ut eit forslag til samarbeidsavtale mellom Bergen kommune og samarbeidskommunane. Kommunalsjefen sa at den nye samarbeidsavtalen i hovudsak vil byggja vidare på dagens avtale, men at det vert lagt opp til tettare

oppfølging og samarbeid enn det så langt har vore situasjonen. Samarbeidsavtalen kjem til politisk godkjenning i kommunestyret.

Busetjing av flyktningar: Radøy kommune har motteke førespørsmål om mottak av flyktningar i 2019. Administrasjonen har i samsvar med tidlegare vedtak opna for mottak av ti flyktningar i år.

Søknad om tilskot til 17. mai-komite: Det er kome inn søknad frå 17. mai-komite om tilskot til aktuelle tiltak i samband med nasjonaldagsfeiringa. I 2018 vart det sett av eit eingongstilskot som 17.mai-komiteane kunne søkja på. I år er det ikkje sett av midlar til dette. Formannskapet tildeler ikkje midlar til 17.mai-komiteane på årets budsjett. Konkrete tiltak som går utover 17.mai-feiringa, t.d. sitjegruppe i Grønålen, kan takast opp i eige sak i samband med t.d. opning av turstien.

Politiressursar: Formannskapet drøfta reduksjonen i ressursane til Nordhordland lensmannskontor. Leiinga i Vest politidistrikt har invitert til eit møte med kommunane for å ha ein dialog om politireforma og innhaldet i den. Radøy ønskte å få leiinga i politidistriktet til møte i det første kommunestyret i år, men det viste seg at det ikkje let seg gjera. Det vert arbeidd med å få politileiinga til eit møte i regionrådet.

Inndrivning av NGIR-gebyr: Skriv frå Nordhordland lensmannskontor om inndrivning av renovasjonsgebyr og ekstraarbeidet det medfører, vart sendt på e-post til formannskapet før møtet. Denne form for inndrivning bind opp politiressursar, og namnsmannen ber om at dagens praksis vert endra. Dette blir tema på regionrådsmøtet 25. januar.

Næringsmøte: Formannskapet ønskjer å invitera næringslivet i Radøy til eit dialogmøte om kva næringslivet ventar av samspel og utvikling inn i Alver kommune. Dette vil vera oppfølging av eit verbalpunkt i 2019-budsjettet. Det er aktuelt å få med seg Industriutvikling Vest og Nordhordland næringslag som medspelarar i eit møte mellom kommunen og næringslivet. Dette opplegget vert også meldt inn til dei to andre Alver-kommunane, slik at det kan planleggast tilsvarande møte også i Meland og Lindås.

Leiarmøte i barnehage og skule: Christel Villanger Håland (H) meiner det er viktig at også styrar i privat barnehage vert invitert til leiarmøte i barnehage og skule.

Sjuefråversprosjekt: Kirsti Gjetle Floen (AP) ber om orientering om oppfølging av sjuefråversprosjektet i neste møte i formannskapet.

Revisjon: Ordføraren orienterte om moglege konsekvensar av at Radøy kommune har bestemt seg for å gå ut av Nordhordland Revisjon IKS.

Status investering Solhall og Bø barnehage: Prosjektleder/konsulent Ingrid Didriksen gav ei statusoppdatering for dei to største investeringsprosjektet i 2019-budsjett; oppgradering av Solhall og Bø barnehage - to prosjekt som er tett knytt til kvarandre. Framdrifta med Solhall-prosjektet er forsinka, mellom anna på grunn av oppgradering av ventilasjon, resultat av miljøsaneringsrapport, og varmekablar i golv (vassboren varme). Prosjektet skulle etter planen vera ferdig i april i år, ny dato for ferdigstilling er sett til 6. juni.

Kostnadsestimat for Bø barnehage (heile totalentreprise) ligg no på ca 67,7 mill. kroner (inkl. mva). Anbudsfristen er sett til 6. februar. Solhall skal stå ferdig oppgradert i juni, og barna i Bø barnehage skal då flyttast dit medan det vert bygt ny barnehage på Bø. Byggetida er rekna til 18 månader.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

**FS - vedtak:**

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

**Vedlegg:**

Krisesentertilbudet i kommunane i Hordaland 2018(205811)

Avgjerd i tilsyn med Bergen kommune

Spørsmål om kommunens krisesentertilbud(205813)

Invitasjon til møte vedrørende Krisesentertilbudet i Bergen

Krisesenteret for Bergen og omegn, kommunal overtakelse av driftsansvaret

Protokoll Regionrådet 6-2018, 26. oktober

Presentasjon vegkart industriutvikling - Regionrådet Nordhordland

Folkeuniversitetet Vestlandet - Regionrådet i Nordhordland 261018

Alversund dagsenter - for demente

Utkantkonferansen 2019 - Regionrådet Nordhordland

Utviklingsplan Helse Vest HF - Regionrådet Nordhordland

Nordhordland Revisjon IKS \_ møteutskrift 03.12.2018 signert

Nordhordland Revisjon IKS \_ Statusnotat nov

Oppmoding om busetting av flyktningar 2019 \_ IMDI

Svar på oppmoding om busetting av flyktningar i 2019 (L)(203067)

Søknad om tilskot til 17. mai 2019(202593)

Tilbakemelding - Stormen Helene september 2018

Invitasjon til møte med Vest politidistrikt

Utval for helse og omsorg \_ referat møte 30.november

Utval for helse og omsorg 30.11.2018 \_ Orientering om prosjekt FACT-team

NGIR \_ referat representanskapet 29.10.18 signert